



Mesteparten av dugnadsgjengen på nye stolar rundt nytt bord.

Det som har skjedd med ungdomshuset Helgheim dei siste åra, er ei skikkeleg gladsak. I går, fredag, skjedde ei ny betydeleg ansiktsløfting i det kjære huset. På ettermiddagen kom nemleg nye stolar og bord til bygda, og etter innkalling til dugnad kl.15, stilte 14 dugnadsfolk og ein traktor(Anbjørn Høyvik) klar til dugnadsinnsats kl. 17.30. Imponerande!!

Det er kjøpt inn 180 stolar fordelt på 90 i hovudsalen og like mange i matsalen. Tilsaman er det kjøpt inn 43 bord, - 18 av dei er 1,80m lange medan resten er 1,20m lange. 15 av dei lengste borda vert plassert i hovudsalen medan resten vert i kjellarsalen. Det heile verkar svært godt gjennomtenkt og planlagt. Karin S. Kjerpeseth i styret fortel at investeringa er mogeleg etter at ungdomslaget fekk 60.000 kr i gåve frå Sparebank1Stiftinga Kvinnherad. Dette er dei svært takksame for. I tillegg har laget brukt egne midlar, fortel ho, og totalt er kostnaden 160.000 kr.



God innsats og god stemning!

Då dugnaden starta, vart sjølvstekt både bord og stolar studert nøye. Ein etter ein prøvesat fleire dugnadsfolk stolane. Dommen var eintydig: dette er både flott og godt! Dei nye møblane vil setja ein ekstra spiss på det heile. No er det blitt høg standard i ungdomshuset til stor glede for alle som brukar det. Dei som har stått på og jobba for dette, fortener mykje ros.

Dei gamle borda og stolane er selde ut til private. Magne Huglen har kjøpt mesteparten til bruk i samband med bryllup o.l. på Dønhaug Gjestegard. Dersom ein snakkar med Magne, er det nok også framleis råd å få leiga dei i samband med konfirmasjonar og andre tilstellingar.



[Karin S. Kjerpeseth, Rigmor Rassmussen og resten av styret gjer ein kjempegod innsats i Helgheim](#)
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland